



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Hermund Mjelstad
Telefon: 57643124
E-post: fmsfham@fylkesmannen.no

Vår dato
22.08.2018
Dykkar dato
Dykkar referanse
Vår referanse
2018/2338- 434.11

Ove Sørestrand
Høyanger Nordside Beitelag
Lavikdal
6947 Lavik

Nytt skadefellingsløyve på ulv mellom Dalsfjorden og Sognefjorden

Vi viser til søknad om skadefellingsløyve på ulv motteke her 22.08.2018.

Med heimel i naturmangfaldlova § 18 bokstav b og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. § 1 og 3, gjev Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skadefellingsløyve på ein ulv i området mellom Dalsfjorden og Sognefjorden, avgrensa mot aust av E39 og elva Gaula, i perioden 22. august 2018 kl. 12.00 til 31. august 2018 kl. 20.00. Vi har lagt vekt på det dokumenterte skadeomfanget i Høyanger, tidlegare skade i området, og potensialet for skade framover. Fylkesfellingslaget v/Arve Aarhus er ansvarleg for fellingsforsøket i nært samarbeid med Høyanger Nordside beitelag, Hyllestad sankelag, Guddal beitelag, Flekke beitelag, Fjorden og Dale beitelag og Gaular beitelag. Kontaktperson er Ove Sørestrand i Høyanger Nordside beitelag. Nærare vilkår følgjer av dette brevet.

Bakgrunn

Statens naturoppsyn (SNO) har den 20. august undersøkt fem kadaver av lam/sau funne i eit område i Nedrelavikdalen i Høyanger kommune. Eit av lamma er vurdert til å vere truleg drepe av ulv («antatt sikker»). Skadane er om lag ein veke gamle. SNO har vidare motteke melding om fleire kadaver i nærliggande område som kan vere noko ferskare enn dette. Desse er ikkje undersøkt enno. Fylkesmannen ser det som sannsynleg at dette kan vere same ulven som drap fleire sau i Naustdal kommune (dei fleste funna konsentrerte i Hydalen) 4. – 6. juli 2018, og i Guddalen (Fjaler kommune) dokumentert eit lam 18. juli. Fylkesmannen gav fellingsløyve i Naustdal 7.7.2018 og i Guddalen 20.07.2018. Dette løyet vart sidan forlenga til 1. august.

Lovgrunnlaget

Det rettslege grunnlaget for avgjorda er Lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold § 18 første ledd b) og § 77, jf. forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta) § 9.

Naturmangfaldlova § 1 (formål):

“Lovens formål er at naturen med sitt biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.”

Naturmangfaldlova § 18 (annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene):

*“Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk
a) for å beskytte naturlig forekommende planter, dyr og økosystemer,
b) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom,
c) for å ivareta allmenne helse- og sikkerhetshensyn eller andre offentlige interesser av*

Telefon 57 64 30 00

Organisasjonsnummer N-974 763 907

Nettstad fylkesmannen.no/sfi

E-post fmspost@fylkesmannen.no

Besøksadresse

Hovudkontor: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga: Fjellvegen 11, 6800 Førde

Postadresse

Hovudkontor: Njøsavegen, 2 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga: Postboks 14, 6801 Førde

vesentlig betydning,

d) (...)

Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte. (...»

Rovviltforskrifta § 1 (formål):

"Formålet med denne forskrift er å sikre en bærekraftig forvaltning av gaupe, jerv, bjørn, ulv og kongeørn. Innenfor en slik ramme skal forvaltningen også ivareta hensynet til næringsutøvelse og andre samfunnsinteresser. Forvaltningen skal være differensiert slik at hensynet til ulike interesser vektlegges forskjellig i ulike områder og for de ulike rovviltarter."

Rovviltforskrifta § 9 (fylkesmannen sin myndighet til å iverksette betinget skadefelling):

"Ved vurdering av om det skal ges tillatelse til skadefelling skal det legges vekt på føringene i regional forvaltningsplan, jf forskriften § 6. Felling kan bare gjennomføres dersom det ikke finnes annen tilfredsstillende løsning ut fra prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særlig tas hensyn til

- a. områdets betydning som beitemark*
- b. skadenes omfang og utvikling*
- c. potensialet for fremtidige skader*
- d. muligheten for å gjennomføre forebyggende tiltak*

Felling skal være rettet mot bestemte individer. Vedtak om felling skal være begrenset til et bestemt område, tidsrom og antall dyr. Det kan knyttes nærmere vilkår til fellingstillatelsen, herunder at bestemte typer dyr skal være unntatt, at felling skal foretas av nærmere bestemte personer, metoder for felling og utbetaling av fellingsvederlag og/eller dekning av påløpte utgifter med unntak av lønn mv. i forbindelse med felling. Felling og forsøk på felling i henhold til denne bestemmelsen gjennomføres uavhengig av grunneiers jaktrett, jf viltloven § 35."

I følgje § 9 i forskriften kan Fylkesmannen gje fellingsløyve for å forhindre framtidig skade innanfor ramma av kvote for betinga skadefelling gjeve av rovviltnemnda, jf. forskriften § 8. **Nemnda vedtok i møte 23. februar 2018 ein skadefellingskvote på tre ulv i region 1. Pr. i dag er ingen av desse felte.**

Rovviltforliket 2011

Rovviltforliket sommaren 2011 strekar under at « Norsk rovviltforvaltning skal skje innenfor ramma av bestemmelsene i naturmangfoldloven og Stortinget sin behandling av denne, Bernkonvensjonen og den todelte målsettingen etter rovviltforliket av 2004, og den videre oppfølgingen av denne.»

Vidare i forliket står det m.a. at:

«Dyr på utmarksbeite har mange positive kvaliteter, og det er viktig å sikre levedyktig næringsgrunnlag i landbruket i områder med rovvilt. Forlikspartene viser til den todelte målsettingen etter rovviltforliket fra 2004, og utfordringen ligger i å ivareta begge deler uten at konflikten mellom dem blir større enn nødvendig Rovviltforvaltningen må baseres på en politikk der hensynet til å sikre overlevelse av alle de store rovviltartene i norsk natur må kombineres med en forvaltning som totalt sett bidrar til å dempe konfliktene og motvirke utrygghet innenfor den todelte målsettingen.»

Det blir også strelka under i punkt 2.2.19 i rovviltforliket at:

«Det er et felles mål at tapstallene for beitenæringen må ned. Soneinndelingen må forvaltes tydelig. I prioriterte beiteområder skal uttak av dyr som gjør skade på beitedyr gjøres raskt,

og i slike områder skal miljøforvaltningen i større grad enn i dag bidra til å effektivisere slikt uttak, uavhengig av om bestandsmålet er nådd..»

Fylkesmannen si vurdering

Dette vedtaket baserer seg på kunnskap om bestandssituasjonen for arten. Vi viser til data frå nasjonalt overvakingsprogram for rovvilt og vurderer at kravet til kunnskapsgrunnlaget, jf. naturmangfaldlova § 8, er tilstrekkeleg ivareteke. Føre-var prinsippet skal nyttast i situasjonar der ein ikkje har slik kunnskap, jf. naturmangfaldlova § 9. Vi viser og til vedtak i Rovviltnemnda for region 1 og forvaltningsplanen for regionen. Sogn og Fjordane er prioritert beiteområde og har ikkje forvaltningsmål for ulv, eller dei andre rovdyra.

Bestandssituasjonen: Bestandsmålet for ulv er nådd innanfor forvaltningsområdet i dei seinaste åra. Tala så langt (frå Rovdata) for 2018 viser at bestandsmålet er nådd også for 2017 og det er påvist åtte kull i heilnorske revir, og fem kull i grenserevir med Sverige. Sikre tal for inneverande sesong vil ikkje vere klare før vinteren 2018/2019, men det er ikkje grunn til å tru at bestanden er redusert. Tal ulv i Noreg i 2017/2018 er det høgste som er påvist i nyare tid.

Røynsler frå tidlegare år viser ei rask forflytting av unge utvandrande ulvar på våren og inn i sommarhalvåret. Nokre av dei ulvane som blir felte i Noreg kjem frå revir på svensk side, slik tilfellet var med hannulven som vart felt i Naustdal kommune i desember 2014.

Skadepotensialet i området: I skadeområdet og tilstøytande område i Høyanger kommune og grannekommunar er det eit stort tal sau og lam på beite. I søknaden opplyser beitelaga om følgjande tal dyr på beite i dei respektive beiteområda: Høyanger Nordside beitelag om lag 2200 småfe og 350 storfe, Hyllestad beitelag om lag 1500 småfe, Guddal beitelag om lag 2000 småfe og eit par hundre storfe, Flekke beitelag om lag 1300 småfe, Gaular beitelag om lag 2400 sau og 400 storfe, og Dale beitelag om lag 2100 sau og 100 storfe. Vi vurderer det difor som eit viktig beiteområde for sau på utmarksbeite. Det er framleis lenge til sauene blir sanka ned i desse lågareliggjande beiteområda, og skadepotensialet er difor stort. Vi kan ikkje sjå at det er praktisk mogleg å gjennomføre andre førebyggjande tiltak som kan hindre skade, jf. rovviltsforskrifta § 9 andre ledd, bokstav d.

Den genetiske situasjonen for ulv i Skandinavia er utfordrande, og bestanden treng tilførsler av dyr som ikkje er i slekt. Sidan streifdyr kan ha ein viktig funksjon i så måte er det ønskjeleg å kjenne den genetiske status for ein ulv før det vert gjort vedtak om felling. Det er så langt ikkje gjort funn av DNA-materiale av ulven i Naustdal eller i Fjaler. I samband med skadefellingsforsøket i Naustdal i perioden 8.-16.juli vart det sendt inn tre prøver til DNA-analyse. Ei av prøvene syntetegnede seg å vere frå raudrev, og dei to andre prøvene var uråd å identifisere. Den genetiske statusen til ulven er difor framleis usikker.

Ut frå omsynet til beitedyra og dei verdifulle beiteområda, ser vi det som forsvarleg at det blir gjeve fellingsløyve på ein ulv i området. Sidan ein ulv forflyttar seg raskt definerer vi fellingsområdet på tvers av kommunegrenser.

Konklusjon og vilkår

Med heimel i naturmangfaldlova § 18 bokstav b og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. §§ 1 og 3, gjev Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skadefellingsløyve på ein ulv mellom Dalsfjorden og Sognefjorden, nærmere avgrensna i vilkår nedanfor, i perioden **22.august 2018 kl. 12.00 til 31. august 2018 kl. 20.00**.

Uttaket er vurdert å ikkje vere til skade for ulvebestanden si overleving, eller å kome i konflikt med det nasjonale bestandsmålet for ulv, jf. Innst. S. nr. 174 (2003-2004) og rovviltsforskrifta §§ 3 og 4.

Følgjande vilkår gjeld for skadefellingsløyvet:

1. Skadefellingsområdet er avgrensa til **fastlandsområdet mellom Dalsfjorden og Sognefjorden, avgrensa mot aust av E39 og elva Gaula, og grensa følgjer elles flomålet.** Skadefellingsområdet femnar med det om kommunane Fjaler og Hyllestad, og delar av Gauler og Høyanger. Fylkesmannen kan endre avgrensinga raskt om vidare skadeutvikling gjer det naudsynt.
2. Skadefellingsløyvet er tildelt Høyanger Nordside beitelag, Hyllestad sankelag, Guddal beitelag, Flekke beitelag, Fjorden og Dale beitelag og Gauler beitelag ved kontaktperson Ove Sørestrand i Høyanger Nordside beitelag, tlf. 951 38 819. Fylkesfellingslaget ved Arve Aarhus, tlf. 477 50 258, er ansvarleg for fellingsforsøket.
3. Skadefellingsløyvet gjeld i tidsrommet 22. august 2018 kl. 12.00 til 31. august 2018 kl. 20.00, og gjeld for ein -1- ulv.
4. Det skal nyttast våpen og ammunisjon som tilfredsstiller krava til jakt på ulv, jf. forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, felling og fangst.
5. Felling eller forsøk på felling skal straks meldast til Fylkesmannen (tlf: 481 43 095) og Statens naturoppsyn (tlf: 480 94 364). Den som feller dyr skal framvise felt dyr for SNO for kontroll, merking og prøvetaking av biologisk materiale, og skyttar skal kunne påvise fellingsstad (eller eventuell skotplass) etter oppmoding frå SNO.
6. Skadefellingsforsøk og felling i tråd med dette løyet kan skje utan omsyn til grunneigarretten, jf. lov om jakt og fangst av vilt § 35. Fellingsleiar kan vurdere om det er trong for å be SNO om bistand i fellingsforsøket eller på anna vis vere til hjelp med sin kompetanse.
7. Felt dyr i medhald av dette løyet er viltfondet sin eigedom. Ingen kan difor på noko vis gjøre seg nytte av felt dyr eller deler av dyr utan samtykke frå Miljødirektoratet.
8. Dersom ulv blir skadeskoten pliktar dei ansvarlege å gjere det dei kan for å avlive dyret snarast mogleg. Skyttar pliktar å forvisse seg om dyr det er skote på er treft eller ikkje. Ved skadeskyting skal skyttar utan opphold melde frå til Fylkesmannen, SNO og nærmeste politimyndighet. Fylkesmannen avgjer vidare gjennomføring og avslutning av ettersøk.
9. Dersom medlemmer i fellingslaga finn DNA (hår/skit) av ulv skal dette straks leverast til SNO for vidare prioritert analyse hos Rovdata.
10. Fylkesmannen kan til ein kvar tid endre eitt eller fleire av vilkåra, eller trekke tilbake fellingsløyvet.

11. Deltakarar i fylkesfellingslaget skal etter rovviltnemndas § 9 a få godtgjering for den tid som blir nytta til fellingsforsøket. **Godtgjeringa er kr 1600,- pr. deltarar pr. døgn. Det er tidlegare sett av ei ramme på 50 000,- til fellingsforsøket. Denne gjeld framleis inntil anna er avtalt.** Ramma er absolutt. Dersom det er ekstraordinære omstende som gjer at fellinga ikkje kan gjennomførast innanfor ramma, skal fellingslaget kontakte Fylkesmannen. Fylkesmannen skal informerast jamleg om utviklinga i fellingsforsøket.
12. Alle medlemmar av fellingslaget som deltek i fellingsforsøket skal ha kopi av dette brevet og vere kjend med vilkåra for skadefellingsløyvet.
13. Fylkesmannen skal ha tilsendt liste over deltararar i fellingsforsøket, også ved eventuelle endringar av lista. Det er vidare eit krav at deltararar oppfyller krava til og har lisens, j. krava i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst, §§ 13 og 14.

Fylkesmannen legg til grunn at fellingsforsøket blir gjennomført på ein effektiv og god måte.

Klagerett

Partane i saka og andre med klagerett etter forvaltningslova, kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken. Eventuell klage bør grunngjevast og rettast til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, som anten kan ta klagen heilt eller delvis til følgje, eller sende han til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Hermund Mjelstad
seniorrådgjever

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post:

Rovviltnemnda region 1
Statens Naturoppsyn
Miljødirektoratet
Politiet i distrikt Vest
Fylkesfellingslaget
Fjaler kommune
Hyllestad kommune
Gaula kommune
Høyanger kommune